



MØTEPROTOKOLL

Utval: Tenesteutval for oppvekst og kultur
Møtestad: Dalsfjord, Volda rådhus
Dato: 05.12.2017
Tid: 13.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rebecca Riise Bjerknes	Leiar	SP
Per Svein Krøvel	Nestleiar	H
Alf Jakobsen	Medlem	SV
Inghild Liv Remøy	Medlem	MDG
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Edvin Dale	Medlem	FRP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Eiliv Halkjelsvik	Edvin Dale	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Ivar Kongsvik	oppvekstsjef
Astrid Gjersdal	leiar frivilligsentralen
Inger Stine Bjørneset	miljøarbeidar på Volda ungdomsskule

SAKLISTE

Saksnr. **Sak**
PS 17/17 **Godkjenning av innkalling og saksliste**

PS 18/17 **Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte**



VOLDA KOMMUNE

OS 4/17	Orienteringssaker
OS 5/17	Referat SU (Samarbeidutvalsmøte) Volda ungdomsskule
OS 6/17	Samarbeidutvalsmøte Sollia Barnehage
OS 7/17	Samarbeidutvalsmøte (SU) Dalsfjord skule
OS 8/17	Referat frå møte i SU, Engeset barnehage
PS 19/17	Høyring – Kulturminneplan
PS 20/17	Ungdomsklubb
PS 21/17	Utvikling av kulturskulen

Før møtet tok til var tenesteutval for oppvekst og kultur på synfaring i Engeset barnehage.

PS 17/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Ingen hadde noko å merke til innkallinga.

Sakliste:

Alf Jakobsen kom med framlegg om ei sak til handsaming i utvalet. Saka gjeld utvikling av kulturskulen. Han ber om at saka vert sett på sakskartet.

Leiar Rebecca Riise Bjerknæs foreslo at saka blir teken med som PS 21/17.

Alf Jakobsen fremma i tillegg eit ønskje om ei orientering om vald og truslar i skulen. Oppvekstsjefen vil kome tilbake til TOK med ei slik orientering over jul.

Røysting:

Innkalling og sakliste med tillegg av sak PS 21/17 vart samrøystes godkjend.

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 05.12.2017

Innkalling og sakliste med tillegg av sak PS 21/17 vart godkjend.

PS 18/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 05.12.2017

Møteprotokoll frå førre møte 15.11.2017 vart godkjend.



VOLDA KOMMUNE

OS 4/17 Orienteringssaker

Leiar for frivilligsentralen, Astrid Gjersdal, orienterte om opplevingskort og utstyrssentral

- Opplevingskortet er eit tiltak for at barn og unge frå låginntektsfamiliar skal få høve til å delta i ulike aktivitetar og kulturopplevingar
- Utstyrssentral er utlån av slik som sykklar, skiutstyr m.m. Utstyrssentral kan vere finansiert av barnefattigdomsmidlar.

Miljøarbeidar på Volda ungdomsskule, Inger-Stine Bjørneset, orienterte om skulevegring.

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 05.12.2017

Orienteringane vart tekne til vitende.

OS 5/17 Referat SU (Samarbeidutvalsmøte) Volda ungdomsskule

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 05.12.2017

Referat frå SUMøte 26.10.17 ved Volda ungdomsskule vart teke til vitende.

OS 6/17 Samarbeidutvalmøte Sollia Barnehage

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 05.12.2017

Referat frå SUMøte 10.10.17 frå Sollia barnehage vart teke til vitende.

OS 7/17 Samarbeidutvalsmøte (SU) Dalsfjord skule

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 05.12.2017

Referat frå SUMøte ved Dalsfjord skule den 05.10.17 vart teke til vitende.



VOLDA KOMMUNE

OS 8/17 Referat frå møte i SU, Engeset barnehage

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 05.12.2017

Referat frå SUMøte for Engeset barnehage vart teken til vitende.

PS 19/17 Høyring - Kulturminneplan

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 05.12.2017

Tenesteutval for oppvekst og kultur har ingen merknad til kulturminneplanen.

Høyring om kulturminneplan vart teken til vitende.

PS 20/17 Ungdomsklubb

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret syner til saksutgreiinga og sluttar seg til at det vert iverksett ein prosess for gjennomgang av tiltak retta mot ungdom som førebyggings- og inkluderingstiltak.

Rådmannen vert beden om å leggje fram sak for tenesteutval for oppvekst og kultur om mandat, prosess og tidsfrist. Kommunestyret vil kome attende til nærare handsaming av ev finansiering og rammer for ungdomstilbodet basert brei involvering i prosess og innstilling frå tenesteutvalet. Inntil dette er avklart vert det ikkje inngått avtale om ev leige av eksterne lokale.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Eiliv Halkjelsvik reiste spørsmål om habilitet. Han er indirekte eigar i bygget og har økonomiske interesser i lokala som er tilbode til ungdomsklubb. Jfr. Fvl. § 6, 1. ledd, a. Eiliv Halkjelsvik tok ikkje del i handsaming og røysting over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Eiliv Halkjelsvik vart samrøystes kjend inhabil.

Røysting (6 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Samrøystes tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 05.12.2017

Kommunestyret syner til saksutgreiinga og sluttar seg til at det vert iverksett ein prosess for gjennomgang av tiltak retta mot ungdom som førebyggings- og inkluderingsiltak.

Rådmannen vert beden om å leggje fram sak for tenesteutval for oppvekst og kultur om mandat, prosess og tidsfrist. Kommunestyret vil kome attende til nærare handsaming av ev finansiering og rammer for ungdomstilbodet basert brei involvering i prosess og innstilling frå tenesteutvalet. Inntil dette er avklart vert det ikkje inngått avtale om ev leige av eksterne lokale.

Eiliv Halkjelsvik tok sete.

PS 21/17 Utvikling av kulturskulen

Handsaming:

Forslag om sak frå Alf Jakobsen:

Kulturskulen

Vi har i TOK fått god orientering og informasjon om arbeidet i kulturskulen. Vi har fått mange tankar, idear og skisserte muligheiter korleis kulturskulen kan utvikle seg vidare. Sjølv har eg svært stor tru på det arbeidsfeltet kulturskulen kan sysle med og ser gjerne ei utviding av kulturskuledrifta i kommunen/kommunane.

For å gje administrasjonen både anerkjenning for nytenking og eit spark til å få konkretisert planane sine ynskjer eg difor å fremje følgjande forslag til dette møte:

TOK ser i likskap med administrasjonen store muligheiter i å utvikle kulturskulen til eit enno breiare og betre tilbod til målgruppa. For å fremje ei slik utvikling ynskjer TOK at administrasjonen legg fram ei utgeiing der ein konkretiserer, prioriterer og synleggjer korleis kulturskulen kan sjå ut dei næraste åra.



VOLDA KOMMUNE

TOK ynskjer ei slik utgreiing lagt fram før skuleferien 2018.

Røysting:

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 05.12.2017

TOK ser i likskap med administrasjonen store muligheter i å utvikle kulturskulen til eit enno breiare og betre tilbod til målgruppa. For å fremje ei slik utvikling ynskjer TOK at administrasjonen legg fram ei utgeiing der ein konkretiserer, prioriterer og synleggjer korleis kulturskulen kan sjå ut dei næraste åra.

TOK ynskjer ei slik utgreiing lagt fram før skuleferien 2018.

Møtet slutt kl. 15.50

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
5. desember 2017

Bente Kristin Krøvel
møtesekretær